Helsedirektoratet snur om akuttkirurgar

HELSEDIREKTORATET vil utdanne spesialistar i akuttkirurgi for å sikre beredskapen ved lokalsjukehusa likevel, skriv Nationen.

Det kan framleis vere behov for ein kirurgispesialistar for å sikre generalistkompetansen og vaktberedskapen ved dei mindre sjukehusa, meiner Helsedirektoratet no.

– Helsedirektoratet ber derfor Legeforeningen om å lage forslag til læringsmål for ein kirurgisk spesialitet som kan vareta generalistkompetansen ved mindre sjukehus, skriv avdelingsleiar Randi M. Forfang i direktoratet i ein e-post til Nationen.

Direktoratet ville opphavleg kutte fellesdelen i generell kirurgi og byrje på spesialiseringa tidlegare i studiet, slik at legane kom raskare gjennom spesialistutdanninga. Framlegget har møtt sterk motstand i det medisinske miljøet, som har meint det ville føre til dramatisk mangel på vaktmannskap og nedlegging av akuttmottak.

– Vi vil gratulere med at styresmaktene har tatt til fornuft, høyrt på fagfolk og sikra den kirurgiske vaktkompetansen rundt i heile landet, seier leiar John Christian Glent i Forening for unge norske kirurgar til avisa. (©NPK)

Meiningsmåling: Over halvparten av kvinner i alderen 25–30 har opplevd trakassering

43 prosent kvinner over 17 år har opplevd krenkjande eller plagsam seksuell merksemd, viser nye tal frå Ipsos. I aldersgruppa 25–30 er talet 65 prosent.

Likestillings- og diskrimineringsombod Hanne Bjurstrøm seier til Dagbladet at før #meetoo-kampanjen ville ho blitt overraska.

– Men ikkje no, når vi gjennom kampanjen får dokumentert kva som er situasjonen. Unge jenter i arbeidslivet, utan fast jobb, er sårbare i ein arbeidssituasjon. Det gjer dei meir utsett i forhold til sjefar eller andre personar som har makt og innverknad over deira arbeidsdag, seier ho til avisa.

Meiningsmålinga er gjennomført på telefon i perioden 20.–22. november med 918 stemmeføre i eit landsrepresentativt utval av befolkninga.

Mens 43 prosent av dei kvinnene som er spurt svarer ja, svarer 56 prosent nei og ein prosent veit ikkje. 14 prosent av mennene svarte ja på spørsmålet «Har du nokon gong opplevd uønskt seksuell merksemd som du opplevde som krenkjande eller plagsam?», mens 86 prosent svarer nei.

Bjurstrøm seier at dei i aldersgruppa 25–39 er hardast ramma og at det stemmer godt overeins med erfaringane ombodet har.

Ifølgje målinga er kvinner med universitetsgrad mest utsett. (©NPK)

Viktig å bruka refleks

BRUK REFLEKS: Christina Haugland og Andrea Romslo har vore og sett film på kulturhuset om kor viktig det er å bruka refleks.

Måndag var det refleksens dag i Bømlo, og då fekk skuleelevar og andre ei påminning om kor viktig det er å bruka refleks.

– Det er andre året me markerer refleksens dag. Me har sendt refleksar til alle skulane saman med ein film som inneheld sju filmsnuttar, fortalde Elisabeth Holme Grønnevik. Ho stod og delte ut refleksar saman med folkehelsekoordinator Anne Beth Njærheim. Også representantar frå brannvesen, politi og ambulanse var til stades i foajeen på kulturhuset. Folk kunne sjå film i småsalen og så fekk dei med seg refleksar heim.

Lurt å bruka

– Ein blir fortare sett dersom ein har refleks. Eg visste ikkje kor viktig det var å bruka refleks før eg sjølv byrja å lærekøyra med bil. Eg har opplevd ein del folk som ikkje bruker refleks langsmed vegane, og eg meiner alle bør bruka det, seier Andrea Romslo. Ho og Christina Haugland hadde vore innom kulturhuset og sett filmen om refleksbruk og det var meir å tenkja på. Begge er elevar ved Bømlo vidaregåande skule.

Refleksens dag vart eigentleg markert 19. oktober over heile landet, men det vart markert rundt ein måned seinare her i kommunen.

Grethe Kjøsnes
grethe.kjosnes@bomlo-nytt.no